

# Bacheloroppgåve

## Foreldresamarbeid med minoritetsspråklege foreldre i barnehagen

**Elisabeth Kronstad Sørheim**

Kandidatnummer: 4020

**Bacheloroppgåve**  
**[BHBAC3920]**

Trondheim, mai, 2020

Bacheloroppgåva er eit sjølvstendig studentarbeid gjennomført ved Dronning Mauds Minne Høgskule for Barnehagelærerutdanning og er godkjend som ein del av barnehagelærerutdanninga. Under utarbeiding av oppgåva har studenten fått rettleiing ved DMMH.



**DronningMaudsMinne**  
HØGSKOLE FOR BARNEHAGELÆRERUTDANNING

## Innholdsliste

<b>Foreldresamarbeid med minoritetsspråklege foreldre i barnehagen .....</b>	<b>0</b>
<i>Elisabeth Kronstad Sørheim .....</i>	<i>0</i>
<b>Bacheloroppgåve .....</b>	<b>0</b>
<b>1.0 Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1 Samfunnsrelevans .....	3
1.2 Presisering av problemstilling.....	3
1.3 Oppgåva si oppbygging og avgrensing .....	4
1.4 Omgrepsavklaring .....	4
<b>2.0 Teoretisk bakgrunn .....</b>	<b>7</b>
2.1 Lovverk .....	7
2.2 Kulturforståing .....	7
2.3 Bruk av tolk.....	8
2.4 Tillit .....	9
2.5 Utfordringar og holdningar til personalet .....	10
<b>3.0 Metode .....</b>	<b>12</b>
3.1 Val av metode .....	12
3.2 Planlegging av datainnsamling og tilgang til felten.....	13
3.3 Utval av informantar .....	14
3.4 Beskrivelse av gjennomføring.....	14
3.5. Analyse.....	15
3.6 Metodekritikk.....	15
3.7 Etiske retningslinjer.....	16
<b>4.0 Funn og drøfting .....</b>	<b>18</b>
4.1 Tillit .....	18

<i>4.2 Oppstart</i> .....	18
<i>4.3 Informasjon</i> .....	20
<i>4.4 Blir foreldra forstått?</i> .....	21
<i>4.5 God kommunikasjon</i> .....	22
<i>4.6 Utfordringar</i> .....	24
<b>5.0 Avslutning</b> .....	<b>27</b>
<b>Referanseliste</b> .....	<b>29</b>
<b>Vedlegg 1</b> .....	<b>32</b>
<b>Vedlegg 2</b> .....	<b>35</b>

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Samfunnsrelevans

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at andelen av minoritetsspråklege barn i barnehagen stig. I 2019 var det 52300 minoritetsspråklege barn i norske barnehagar. Det er ein auke på 2,7 prosent frå 2018. Totalt er det 19 prosent av barn i norske barnehagar som er minoritetsspråklege. Dei siste 10 åra er andelen minoritetsspråklege barn i barnehagar nesten dobla (Utdanningsdirektoratet, 2020).

Det vil også seie at det vert fleire minoritetsspråklege foreldre i barnehagen som dei tilsette må kunne forholde seg til. "Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståelse med hjemmet, å ivareta barnas behov for omsorg og lek og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling" (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7). For at det skal bli eit godt samarbeid mellom tilsette og foreldre er det viktig med god kommunikasjon. Dette kan bli ein utfordring dersom språket står i vegen. I temahefte om språkleg og kulturelt mangfald står det at det er viktig at personalet utviklar gode arbeidsmåtar for kommunikasjon mellom barn og vaksne som ikkje delar det same språket (Gjervan, 2006, s. 37). Sand informerer at det er om lag 150-200 minoritetsspråk som er representert i Noreg i dag. Det som er felles med alle dei minoritetsspråklege er at dei har eit anna språk enn norsk som sitt første språk (Sand, 2008, s. 109). Temaet foreldresamarbeid med minoritetsspråklege foreldre blir derfor meir aktuelt i dagens samfunn, då minoritetsspråklege barn aukar i norske barnehagar.

### 1.2 Presisering av problemstilling

Eg valde dette tema fordi eg meiner foreldresamarbeid er spanande og interessant. Eg har også gjennom min erfaring synest at foreldresamarbeid kan vere litt vanskeleg. Eg vil derfor lære meir om dette slik at eg kan bli tryggare på tema. Det er i tillegg eit tema som blir meir aktuelt, då det blir fleire minoritetsspråklege foreldre i dei norske barnehagane.

## I rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver frå 2011

I møte med foreldre med minoritetsspråklig bakgrunn har barnehagen et spesielt ansvar for at foreldrene har mulighet til å forstå og gjøre seg forstått i barnehagen. Å møte foreldre fra ulike kulturer, både innen det norske samfunnet og fra andre land, krever respekt, lydhørhet og innsikt. Dette forutsetter at personalet er bevisste og tydelige i egen yrkesrolle og trygge på egen kompetanse (Utdanningsdirektoratet, 2011, s. 15).

Eg vil i denne oppgåva sette fokus på kommunikasjonen mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre. Kva er det som gjer kommunikasjonen god? Kva er det som skal liggje til rette for god kommunikasjon? Eg vil undersøke kva tilsette og minoritetsspråklege foreldre kan gjere for å skape god kommunikasjon med kvarandre. Mitt val av tema vil hjelpe meg å få meir kunnskap om korleis tilsette arbeider med å skape den gode kommunikasjonen med minoritetsspråklege foreldre.

Min problemstilling er:

*Kva skapar ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?*

### 1.3 Oppgåva si oppbygging og avgrensing

Oppgåva er delt inn i 4 delar: innleiing, teori, metode, og funn og drøfting. Del 1 handlar kort om samfunnsrelevant, og presentasjon av problemstillinga. Det er i tillegg med omgrepsforklaringar. Del 2 omhandlar ulike teoriar. Del 3 handlar om korleis eg har kome fram til metoden. Del 4 handlar om funn og diskusjonar med utgangspunkt i datamaterialet og teorien.

### 1.4 Omgrepsavklaring

**Minoritet** – er eit omgrep som blir brukt mot ein folkegruppe som utgjer eit mindretal av eit lands befolkning.

**Minoritetsbakgrunn** – kan omfatte alle menneske med utanlandsk bakgrunn uavhengig om dei er født i landet eller ikkje (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 17).

**Minoritetsspråklege barn** – er barn som har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk (Utdanningsdirektoratet, 2016).

**Minoritetsspråklege foreldre** – er vaksne som har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk.

**Kommunikasjon** – Det finst ulike typar kommunikasjonsmodellar. Eg vel å forklare den klassiske kommunikasjonsmodellen. Den viser oss kommunikasjon mellom to partar, ein avsendar og ein mottakar. Dei utvekslar informasjon eller formidlar signal, som kan vere teikn eller meldingar. Mottakar sin oppgåve er å tolke det som avsendar seier. Mottakaren gjev tilbakemelding, som blir tolka av avsendar. Kommunikasjonen kan bli forstyrra av støyen som er rundt (Dahl, 2013, s. 55).

**Kultur** – Kultur kan beskrivast på mange måtar. Bergersen skriv (Salole, 2013) at kultur blir delt inn i to delar, innhaldsdel og ein uttrykksdel. Innhaldsdel, også kalla kulturinnhald er verdiar, normer og det me tar for gitt. Det utgjer kvifor me gjer det me gjer, og dette er ofte skjult og ubevisst. Medan uttrykksdel, som blir kalla kulturuttrykk er det me ser på overflata. Det kan bli uttrykt gjennom musikk, klede, språk, matvanar og liknande. Dette er ting ein kan sjå, høyre og smake, og det er det som utgjer kva me gjer og korleis me gjer det (Bergersen, 2017, s. 16). Eriksen (2010, s. 15) forklarar kultur slik: «Kultur er de ferdigheter, oppfatninger og væremåter som personer har tilegnet seg som medlemmer av et samfunn» (Bergersen, 2017, s. 14).

**Verdiar** – Det er noko som er viktig for oss, og me meiner ofte at det er våre verdiar som er rett. Det er ein klar holdning eller oppfatning me har av korleis noko bør vere på eit bestemt område. «Verdier bygger på vårt verdensbilde, og blir ofte dannet ut fra holdningene våre knyttet til politiske, religiøse og filosofiske spørsmål» (Bergersen, 2017 s. 17).

**Haldningar** – Det er våre verdiar som bestemmer kva haldning me har, dei bestemmer kva me meiner er rett eller galt. Holdningar er knytt til våre meiningar, oppfatningar og verdiar. Personen sine haldningar kjem ikkje fram før ein handlar eller seier noko (Bergersen, 2017, s. 20).

**Normer** – Er uskrivne reglar for korleis me kan oppføre oss, altså reglar for åtferd. Ein tar ofte normer for gitt fram til me ser at nokon har andre reglar som dei følgjer. Me kan altså sjå på norm som ein regel for korleis ein bør oppføre oss og handle (Bergersen, 2017, s. 23).

## 2.0 Teoretisk bakgrunn

I dette kapittelet skal eg presentere teori og forskning som skal vere grunnlaget for drøftinga av datamaterialet eg har samla inn frå intervju mine, og som er relevant for min problemstilling.

### 2.1 Lovverk

I barnehagelova (2005) og rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (2017) er dei tilsette i barnehagen forplikta til å inngå samarbeid med barnas foreldre eller føresette. I barnehagelova § 1 Formål står det «barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.» (Barnehageloven § 1 Formål). Rammeplanen utdjuper vidare at barnehagen skal «legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog mellom barnehagen og foreldrene». (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 29).

### 2.2 Kulturforståing

Barnehagane i dag er prega av mangfald og variasjon. Personalet, barna og familiane er ulike når ein tenkjer på nasjonalitet, livssyn og sosiokulturelle verdiar (Glaser, 2018, s. 17). Kvar år så kjem det fleire barn frå familiar som har annan kulturell bakgrunn enn majoriteten. Foreldra representerer mangfaldet og ulikheiter som ein ser i alder, kjønn, nasjonalitet, verdisyn og kulturell klasse (Glaser, 2018, s. 18).

Mye forskning viser at minoritetsforeldre er mindre delaktige på møter med barnehagen, og i daglege situasjonar som hente- og bringe handlar ofte dialogen om praktiske beskjedar. (Bergersen, 2017, s. 203). Når me snakkar om det uformelle samarbeidet, blir det ofte snakka om det som skjer i garderoben, der alle beskjedar som skal bli gitt når foreldra leverer og hente barna sine (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s.115).

I andre land går barn på førskule som baserer seg på ein skulekultur der læring, mål og prestasjonar står i fokus. Ikkje i ein barnehage slik som i Noreg. Det kan derfor være foreldre som blir overraska når dei ser kor stor del norske barnehagar legg vekt på lek (Bergersen, 2017, s. 208). Gjervan m.fl. informerer at ein kan invitere foreldra inn på avdelinga i barnehagen. Då kan foreldra sjå korleis personalet er saman med barna, kva dei gjer for at barna skal trives, og



utvikle språk, korleis dei uttrykkjer seg gjennom å teikne, male og gjennom musikk. Dei informerer vidare med at dette kan bety veldig mykje for foreldre som har minoritetsbakgrunn som ikkje har noko forhold til korleis ein norsk barnehage fungerer (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 115).

«Tverrkulturell kompetanse handlar om å ha flerkulturell forståelse» (Bergersen, 2017, s. 151). Det går ut på at ein har forståing for vår eigen og andre sin kulturelle erfaring som gir grunnlag for vår forståing av verda. Det handlar også at ein har bevisstheit og at me forstår at me har ulike forståingshorisontar og verdsbilete (Bergersen, 2017, s. 151).

Ifølge Salole handlar maktavstand om korleis eit samfunn tolererer eller legg opp til at makt mellom menneske er ulikt fordelt. Det handlar altså om haldningar til hierarki og respekt for autoritetar. I nokre kulturar skårar maktavstand høgare på skalaen, og det blir derfor tatt for gitt at nokon har større makt enn andre (Salole, 2018, s. 70).

Me har noko som me kallar for læring i team. Dette går ut på at ein er i dialog og utforsking av moglege svar og løysingar. Her får ein kunnskap hjå alle ved at alle deler sine synspunkt. Ein gjer her kollektive refleksjonar ilag og lærer noko av det fordi ein får høyre andre sine erfaringar (Gotvassli, 2019, s. 98). Gjervan m.fl. seier at når ein møter menneske med ein annan bakgrunn enn seg sjølv, vil dette spele inn på relasjonane mellom tilsette, foreldre og barn i barnehagen. Derfor er det ein viktig del av barnehagens arbeid at ein gjer refleksjonar over eigne verdiar og haldningar til andre (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 76).

### 2.3 Bruk av tolk

Det kan være vanskelig å forstå kva minoritetsspråklege foreldre prøver å seie. Nokre gonger er det norske språket utilstrekkeleg, og det blir vanskelig for foreldra å forklare kva dei eigentleg meiner. Det er viktig at ein ikkje misforstår fullstendig. Becher opplyser også at det er viktig at ein med kropp og mimikk kommuniserer at ein høyrer, er interessert og prøver å få tak i budskapet (Becher, 2006, s. 64). Becher informerer også at foreldre kan vere svake i norsk, men at dei forstår meir enn dei kan uttrykkje. Det er også slik at dei trur dei har forstått, men det viser seg i ettertid at dei ikkje har forstått (Becher, 2006, s. 64).

Når ein er i møte med minoritetsspråklege foreldre kan det vere nødvendig å ha tolk til stades, slik at foreldra skal ha moglegheit til å få med seg informasjon som blir gjort. Den skriftlege informasjonen skal i tillegg helst bli gitt på foreldra sine morsmål (Glaser, 2018, s . 93). Dahl indikerer at ein offentleg tolk skal vere upartiske og ha teieplikt. I tillegg til at tolken må kjenne språket, burde tolken også ha opphaldt seg i vedkommande sin kulturelle kontekst. Slik at han eller ho som er tolk kan kjenne igjen dei non-verbale kommunikasjonsmåtar vedkommande sender ut (Dahl, 2013, s. 171). Han opplyser vidare om at ein god tolk ikkje berre er tospråkleg, men er også to-kulturell (Dahl, 2013, s. 171).

Becher fortel vidare at i nokre tilfelle der personalet føler språkproblemet står i vegen for kommunikasjonen, kan ein oppfordre barnet til å fortelje foreldra om det som har skjedd. Utan at det blir ein tolkesituasjon der barnet fortel om seg sjølv med pedagogens ord (Becher, 2006, s. 65) Thomassen seier at ein skal vere merksam på at det ikkje er lov å bruke barn som tolk, men at det går bra med heilt korte praktiske beskjedar (Thomassen, 2018).

Thomassen informerer om at det er ein del foreldre som vel å takke nei til tolkehjelp. Ho forklarar det med at grunnen kan vere at ein er flau over at ein ikkje klarer det utan, tenker at det er ein privatsak som blir fiksa ved å ta med familiemedlemmar. Det kan også vere at foreldra ikkje har tillit til tolken. En del foreldre vel å takke nei til tolkehjelp. Argumenta skal ein respektere. Tolketenesta er i tillegg eit frivillig tilbod, men det er vårt ansvar å sikre god kommunikasjon og unngå misforståingar (Thomassen, 2018).

## 2.4 Tillit

Ifølge Dahl er «Nøkkelen til god kommunikasjon er felles for begge parter: Gjensidig tillit.» (Dahl, 2013, s. 294). Ordet tillit blir også tillit dersom ein les det baklengs. Dahl seier at dette er ein måte å minne oss på at tillit går begge vegar. Ein gir noko av oss sjølv og me opnar for å ta i mot andre sin tillit (Dahl, 2013, s.294).

Glaser fortel at ein sensitiv fagperson skal møte foreldra med ein ikkje-dømande haldning, med respekt og anerkjensle for andre sine syn og verdiar. Det skal ein også der det er heilt forskjellig

(Glaser, 2018, s. 93). Vidare opplyser Glaser at tillit ikkje er noko du kan krevje, men at du som fagperson må vere verdig tillit. Foreldra skal kjenne tillit til at dei kan ta opp tema utan at dei skal føle seg utlevert. Å opplyse foreldra om teieplikt gir ein type tryggleik (Glaser, 2018, s. 94). Barna si utvikling er i stor grad knytt til foreldra sin trivsel og deira tillit til barnehagen (Glaser, 2018, s. 19). Eit godt samarbeid mellom personalet og foreldre er med på å auke barna sin tryggleik og trivsel i barnehagen. Foreldra sin trivsel og tryggleik er også derfor ei viktig oppgåve for dei tilsette i barnehagen (Glaser, 2018, s. 110).

Ifølge Gjervan m.fl. opplyser dei at følelsen av å vere ein minoritet og representere andre verdier og ein annan tenking enn majoriteten og den ho møter i barnehagen, kan vere sterk. Dei forklarar vidare at dette kan bidra til usikkerheit på om foreldras synspunkt blir tatt imot (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 106). Inga Andersen (1996) har skrivt om samarbeidet mellom heim og skule. Ho meiner det er fire ord som bør prege lærarens kommunikasjon med foreldre: lytte til foreldre, vise dei respekt, bekrefte dei og gjere dei delaktige i problema og behandlinga (Bø, 2002, s. 113).

## 2.5 utfordringar og holdningar til personalet:

Når dialogen er god, lyttar begge og prøver å forstå andre sine syn på saken. Eit eksempel på dette kan vere verdien med å vere ute i all slags vær i Noreg, dette kan vere vanskeleg å forstå for foreldre som har ein annan kulturell bakgrunn (Bergersen, 2017, s.29).

Glaser fortel at ytre rammer og føresetnader får i tillegg konsekvensar for moglegheiter til å involvere foreldre og skape naturlege arenaer for dialog i barnehagen (Glaser, 2017, s. 121). Glaser opplyser vidare at tid, ressursar og fysiske utfordringar er med på å påverke samhandlinga mellom tilsette og foreldre. Det er naturleg å tenke seg at det tar lengre tid å ha kvardagssamtalen mellom ein barnehagelærer og ein mor eller far som ikkje delar det same felles språket. Der treng ein meir tid til sjølve samtalen, og kanskje ein treng hjelpemiddel som til dømes bilete eller gjenstandar som skal hjelpe til å få forståing og medverknad (Glaser, 2017, s. 121).

Når ein snakkar om «dei andre», meiner me som regel ein gruppe menneske som me opplever

har ein annan kulturell eller religiøs bakgrunn. Når ein gjer desse skilja ved å seie «me og dei» kan dette vere med på å stigmatisere og halde dei utanfor fellesskapet (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 75). Gjervan m.fl. forklarar vidare at når ein deler menneske i grupper, som «me og dei», blir dette også ein fordeling av makt (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 76). Personalet i barnehagen har eit ansvar for å hindre at ein sett merkelappar mellom majoritet og minoritet, altså «me og dei» andre (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s.76).

Det er også noko me kallar for likeverdige og ulikeverdige relasjonar. Likeverdige møter vil seie møte mellom menneske med ulik kulturell bakgrunn er der begge partar er forskjellige (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s 76). Me kan kalle dette for symmetrisk relasjon og det går ut på at kontroll og makt er jamt fordelt. Det er ofte eit teikn på gjensidig respekt (Dahl, 2013, s. 77). Det ulikeverdige og maktbaserte møte mellom menneske er asymmetrisk. Her opplever ein at det er den andre som er forskjellig og annleis, medan det eg står for er normalt (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 76). Her har den eine meir makt, kontroll eller autoritet. Denne relasjonen kan fort bli eit foreldre-barn-forhold, også når det gjeld vaksne. Då kan det føre til at den eine føler seg liten og blir usikker, medan den andre blir stor og sjølvsiikker (Dahl, 2013, s. 77).

Det å vere etnosentrisk betyr å sjå verda med vår eigen kulturelle bakgrunn som ein målestokk for kva som er bra eller ikkje. Altså det vil seie at personen meiner at det er deira sine verdiar or normer som er fasit, og at det andre meiner er feil (Bergersen, 2017, s. 25). Å vere kulturell relativ er det motsette av etnosentrisk, me forstår at alle har verdiar og normer. Dersom me har ein tolerant og open innstilling i møte med andre, vil forståinga vår bli utvida fordi me er villige og mottakelege for å sjå ting frå fleire sider. Altså at me forstår at alle har verdiar og normer som ein vaks opp i og lever etter (Bergersen, 2017, s. 26).

## 3.0 Metode

### 3.1 Val av metode

Det finst ulike metodar for å skaffe seg samfunnsvitskaplege data, kvalitativ og kvantitativ metode. Eg val å ha kvalitativ metode for min studie. Dei kvalitative studia held seg gjerne til eit fortolka paradigme, ofte med fokus på informantens opplevingar og meningsdanning, og kva slags konsekvensar meiningane kan ha (Tjora, 2017, s. 25). Kvalitative metode framhevar innsikt og søker etter forståing, medan kvantitativ metode framhevar oversikt eller søker etter forklaring (Tjora, 2017, s. 28).

Hensikta med denne undersøkinga var å få eit innblikk av kva barnehagetilsette meiner skaper god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre. Ein kvalitativ forskar er interessert i å finne ut perspektiva til deltakarene (Strugwig & Stead, 2017, s. 11). Derfor passar det best å ta kvalitativ metode.

Strugwig og Stead informerer om at det er fire hovudmetodar for å samle inn kvalitativ data. Metodane er intervju, fokus grupper, observasjon og ikkje-påtrengande tiltak (Strugwig & Stead, 2017, s. 102). Eg hadde eigentleg valt å gjere observasjonar og eit dybdeintervju. Eg hadde avtalt med ein barnehage om å gjere observasjonar i hente- og bringesituasjonar og ha eit intervju med ein barnehagelærar. Eg ville dette fordi då kunne eg sjå korleis dei arbeidar med kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre i praksis, og gjennom intervjuet kunne eg få sjå kva tankar og meiningar informanten har om tema. Angående situasjonen Covid-19 gjekk ikkje dette. Eg måtte derfor forandre på planane og val derfor å intervju tre informantar.

Dybdeintervju som metode er basert på fenomenologisk perspektiv der forskaren ynskjer å forstå informanten sine opplevingar og samtidig korleis informanten reflekterer over tema (Tjora, 2017, s. 114). Eg val å gjere intervju fordi eg ville få innsikt over kva tankar og meiningar informanten hadde om tema. Dybdeintervju skjer som oftast ansikt til ansikt mellom informantar og intervjuar. På grunn av Covid-19 gjekk ikkje dette. Så eg hadde derfor eit intervju som føregjekk gjennom telefonsamtale. Ein mister moglegheita til å nikke og bruke kroppsspråk, noko som er viktig for å få informanten til å snakke vidare i ein påbyrja retning med å kunne nikke (Tjora, 2017, s. 169). Eg prøvde derfor å bekrefte ved å seie ja. I dei to andre intervju brukte me videochat. Her såg ein ansikta til kvarandre. Dette synest eg var betre, ein

fekk sjå kroppsspråk og mimikken. Ein kunne bekrefte det som den andre sa ved å nikke. Informantane sa også at det var greitt å kunne få sjå ansiktet, fordi dei kunne sjå kven dei prata med.

Eg meiner problemstillinga fortsatt fungerer med tanke på at eg ikkje fekk gjort observasjonar. Eg får vite korleis dei jobbar med å oppretthalde ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetspråklege foreldre. Eg får berre ikkje sjå korleis dei gjer dette i praksis.

### 3.2 Planlegging av datainnsamling og tilgang til felten

Eg lagde ein intervjuguide med spørsmål som blir brukt for å strukturere dybdeintervju (Tjor, 2017, s. 260). Eg delte spørsmåla inn i hovudtema, som eg sendte til informantane mine. Slik at dei kunne forberede seg. I tillegg til intervjuguiden hadde eg forberedt meg på å komme med tilleggsspørsmål og oppfølgingsspørsmål som eg eventuelt kunne følge opp dersom eg ville at informanten skulle utdjupe seg eller konkretisere svara sine. Dette gjorde eg ved å notere stikkord i intervjuguiden (Tjora, 2017, s. 263). Eg vil også stille dei same spørsmåla til kvar deltakar, slik at eg kan samanlikne svara når eg seinare skal sjå på funna, dette blir kalla for strukturert intervju (Strugwig & Stead, 2017, s. 89).

Eg hadde på førehand laga eit skjema, fortløpande protokoll for observasjonane eg skulle gjere. Her skulle eg skrive ned alt eg såg medan eg observerte, også skulle eg tolke det eg hadde sett seinare. Eg ville gjere observasjonar fordi eg også ville sjå korleis dei arbeida med kommunikasjonen/samarbeid i praksis. Når ein gjer observasjonar studerer ein det folk gjer, medan ved eit intervju studerer ein det folk seier at dei gjer (Tjora, 2017, s. 53).

Tilgang til felten:

Eg tok kontakt med ein barnehage eg visste hadde ein god del minoritetsbarn, eg fekk her snakka med styrar til barnehagen. Styraren snakka med dei pedagogiske leiarane i barnehagen og dei avtalte kven eg kunne snakke med. Styraren tok kontakt med den ho meinte var ein nøkkelinformant. Nøkkelinformant vil seie ein person som er særleg kunnskapsrik og har eit godt forhold til forskaren sitt tema (Tjora, 2017, s.262). Eg fekk nummeret til informanten og ringte ho, og avtalte tid for intervju. I den andre barnehagen snakka eg først med styrar, så bad ho meg sende ein e-post til henne, som ho vidaresendte til alle barnehagelærarane i barnehagen.

Her var det då ei som meldte seg, og ville bli intervjuet. I den tredje barnehagen kontakta eg dei på e-post, då eg ikkje fekk svar når eg ringte. Her fekk eg ein informant der me avtalte tid for intervjuet på e-post.

### 3.3 Utval av informantar

Først skulle eg eigentleg gjere observasjonar i ein barnehage, og gjere eit intervju med ein barnehagelærer. På grunn av Covid-19 gjekk ikkje dette. Eg val derfor å intervjuet tre informantar, frå tre forskjellige barnehagar. Alle barnehagar var i same kommune.

Sidan eg allereie hadde ein informant, tok eg kontakt med to andre barnehagar der eg visste dei har ein god del minoritetsbarn i barnehagen. Dalland indikere at ein god informant er ein person som kan informere om faktiske forhold om inntrykk av andre sine synspunkt og som har evne til å dele til andre (Dalland, 2007, s. 129). Eg spurte etter pedagogiske leiarar eller barnehagelærarar. Eg fekk avtalt tidspunkt for intervjuet. Eit intervju føregjekk gjennom telefonsamtale, og dei andre intervjuet gjennom videochat på Messenger.

### 3.4 Beskrivelse av gjennomføring

Dybdeintervju skjer som oftast ansikt til ansikt, men på grunn av Covid-19 gjekk ikkje dette alltid. Eg gjorde det første intervjuet gjennom telefonsamtale. Dette gjorde me fordi informanten brukte høyreapparat og ville ikkje høyrte dersom me hadde gjort det gjennom Skype eller liknande. Eg hadde høgtalaren på slik at den som noterte for meg skulle høyre kva som blei sagt. Eg følgde intervjuguiden eg hadde, og kom med oppfølgingsspørsmål når eg følte eg trengte litt meir informasjon og utdjuping. Dei to andre intervjuet føregjekk gjennom videosamtale på Messenger, så her fekk me sjå ansikta til kvarandre. Gjennom desse to intervjuet hadde eg også ein som noterte ned undervegs i intervjuet. Eg gjorde slik at han ikkje blei vist på kamera, då eg tenkte dette var mest komfortabelt for informantane. Eg kom også her med oppfølgingsspørsmål eller tilleggsspørsmål. Dette gjer eg for å ta vare på det som blir sagt, og for å forsikre meg at det ikkje blir misforståingar (Dalland, 2007, s.128).

Møtte ikkje på noko særleg problem når eg gjennomførte intervjuet. I starten lot eg ikkje alltid informantane få tenkje seg godt nok om på spørsmåla. Altså når dei hadde svart og tok ein liten pause, var det fort for at eg ville stille eit nytt spørsmål. Då opplevde eg at informantane sa at

dei hadde litt meir å føye til under det forrige spørsmålet. Så etter dette prøvde eg å la dei få god tid på kvart spørsmål. Eg tenkjer at min rolle her er å vere profesjonell, og å skape trygghet for deltakarane. Eg skal ærleg innrømme at eg var veldig nervøs både før og under intervjuet då dette ikkje er noko eg er vane med.

### 3.5. Analyse

Eg noterte undervegs i intervjuet, samstundes som eg hadde ein medhjelpar som noterte for meg på datamaskin. Dette hjelpte meg med å få innsamla mest mulig data. Etter intervjuet såg eg gjennom svara, for å sjå om eg fekk svar på det eg lurte på. Seinare så samanlikna eg, og kategoriserte, og delte dei inn i tema. Dette gjorde eg ved å bruke fargekoder, for at det skulle bli lettare å sjå forskjell.

Eg val å gjere ein temasentrert analyse. Det vil seie at teksten blir inndelt i kategoriar. Desse kategoriane representerer tema som er sentrale i undersøkinga. Dei kategoriane me skal analysere bør innehalde utfyllande informasjon frå alle informantane (Thagaard, 2009, s. 172). Analysen av materialet blir delt inn i ein beskrivande og ein tolkande fase. Eg val å bruke den beskrivande fasen, då den gir orden og oversikt over materialet. Eg utforska og samanlikna informasjonen frå dei forskjellige informantane. Dersom ein skal gjere tolkingar arbeider me mot ei djupare forståing som gir grunnlag for å utvikle omgrep og teoriar (Thagaard, 2009, s. 173).

### 3.6 Metodekritikk

Eg gjennomførte tre intervju med barnehagelærar og pedagogiske leiarar i tre forskjellige barnehagar. Eg brukte den same intervjuguiden, og stilte dei same spørsmåla til kvar informant. Thagaard opplyser at ved intervju som innsamlingsmetode blir truverdigeita og reliabiliteten styrka gjennom bruk av lydbandopptak (Thagaard, 2009, s. 199). Eg brukte ikkje lydopptak fordi det blei for seint å søkje til NSD, dette var derfor ikkje mogleg. Eg fekk derfor ein til å noterte for meg undervegs i intervjuet. Eg hadde ikkje noko kjennskap til mine informantar før eg intervjuet dei, dette kan ha påverka validiteten. Då Thagaard informerer om at relasjonen og



nærleiken mellom den som undersøker og den som blir intervjuet er noko som kan bidra til å auke validiteten, altså gyldigheita (Thagaard, 2009).

I denne oppgåva må ein kunne vise kva slags litteratur som er brukt, kvifor den er valt til problemstillinga og kor kritisk ein har vore i val av litteratur (Dalland, s. 2007, s.70). Det finst to sider ved kjeldekritikk. Den første handlar om å finne fram riktig litteratur til problemstillinga. Den andre handlar om å gjere greie for kvifor ein har valt å bruke den litteraturen til oppgåva (Dalland, 2007, s.64). Det er viktig å vise at oppgåva inneheld truverdige kunnskap, og då må vi bruke reliabilitet og validitet (Dalland, 2007, s. 48). Reliabilitet tyder pålitelegheit, det handlar om at målingar må bli utført korrekt, og at eventuelle feil skal bli opplyst. Validitet står for relevans og gyldigheit (Dalland, 2007, s.48). Datamaterialet ein samlar inn må altså vere relevant for det som skal bli undersøkt. Litteraturen og artiklane eg har valt å bruke i denne oppgåva handlar om foreldresamarbeid med minoritetsspråklege foreldre og er alt frå 18 år gamle til heilt nye. Bøkene eg har brukt er for det meste dei nyaste utgåvene, spesielt dei eg legg mest vekt på som Foreldresamarbeid av Glaser 2018, Global forståelse av Bergersen 2017 og Se mangfold! Av Gjervan, Andersen og Bleka 2013 og Møter mellom menneske av Dahl, 2013. Nokre av bøkene eg har brukt er eldre enn det eg ynskte, men på grunn av Covid-19 har det ikkje har vore mogleg å finne eller låne dei nyaste utgåvene.

### 3.7 Ethiske retningslinjer

Når du utfører ein undersøking må etiske vurderingar gjerast. Før eg gjennomførte intervjuet, sendte eg e-post om samtykkebrev til deltakarane som dei måtte signere. I dette brevet står det kva undersøkinga handlar om. Eg informerte dei om at det er frivillig, og at deira deltaking vil bli heldt anonymt. I tillegg til dette stod det at eg hadde ein medhjelpar som noterte undervegs i intervjuet. Strugwig og Stead (2017, s. 69) indikere at informantar kan trekkje seg utan at det skal bli konsekvensar. Eg informerte derfor i brevet om at dei kan trekkje seg dersom dei ynskjer det.

Eg vel å presentere informantane mine ved å kalle dei for A, B og C:

A var ferdig utdanna barnehagelærer (tidlegare førskulelærer) i 1991. Har studert eit halvt år med spesialpedagogikk. Elles har ho deltatt på kurs.

B jobba først som assistent i 6 år, gjekk deretter 4 år deltid på høgskulen, medan ho jobba 60%. Var ferdig utdanna barnehagelærer (tidlegare førskulelærer) i 1997. Deretter har ho fått 30 studiepoeng på rettleiing.

C var ferdig utdanna barnehagelærer (tidlegare førskulelærer) i 1996. 2014-2015 tok ho 15 studiepoeng i fleirspråklegheit og andre språks pedagogikk, og i 2015-2016 tok ho vidareutdanning og gjekk fleirkulturell pedagogikk og tok 15 studiepoeng.

## 4.0 Funn og drøfting

I dette kapitlet vil data og funna bli presentert. Spørsmåla blir presentert, deretter funna og til slutt kjem drøftinga i tilsvar med teori i neste avsnitt.

### 4.1 Tillit

Eg vel å skrive om tillit her som eit eige punkt då dette er noko som går igjen i fleire svar. Informantane informerer at det å ha tillit og tryggleik til kvarandre er med på å skape god kommunikasjon. Informant B og C opplyser om at dersom ein ikkje har denne tilliten, blir ikkje kommunikasjonen god, og det er ikkje sikkert foreldra kjem til oss dersom det er noko dei lurar på eller vil fortelje oss. Informantane informerer også at ein må gi av seg sjølv, vise interesse og vere open for å få tillit. Informant B seier «Trygge barn er trygge foreldre, og trygge foreldre er trygge barn».

Det informantane opplyser om er i samsvar med teorien til Dahl der han indikerer at for å få til ein god kommunikasjon er gjensidig tillit nøkkelen til akkurat dette. Han opplyser også at ein må gi noko av seg sjølv for å oppnå tillit (Dahl, 2013, s. 294). Her kan me seie at informantane seier seg einige i det Dahl informerer om. Glaser informerer vidare at tillit er noko du må jobbe for, det er ikkje noko du har (Glaser, 2018, s. 94). Dette er noko informantane seier dei gjer ved å vere open, gi av seg sjølv og vise interesse. Glaser opplyser at eit godt samarbeid mellom tilsette og foreldre aukar barnas tryggleik og trivsel. Derfor er det viktig at ein passar på at foreldra trives og har trygghet til barnehagen (Glaser, 2018, s. 110).

### 4.2 Oppstart

*Kva førebuingar er det de gjer når de tar imot ein ny familie?*

Informantane hadde eit ganske likt opplegg ved å ha ein oppstartsamtale før barna byrjar i barnehagen. Denne samtalen har dei for å bli kjent med barna. Dei fortel foreldra korleis dei har det i barnehagen og kva dei arbeidar med. Dei informerer kva som er viktig og lurt å ha i barnehagen. Dei spør også om religion, og om det er nokon forhandsreglar dei må ta omsyn til i forhold til mat. Om det er sjukdommar eller allergiar dei må vite om. Dei pleier også å spørje

om økonomien deira, og om dei har personar som kan hjelpe dei i forhold til barnepass, dette spurte informant A om fordi mange av dei kjem aleine til landet, og nokre er også einslege forsørgjarar. Informant B innhenta i tillegg informasjon om korleis foreldra er språkleg, og kva språk det handlar om. Alle sikrar seg i tillegg tolk på første møte. I tillegg har kommunen ein del informasjon på ulike språk som barnehagane brukar å gi ut, der det kan stå informasjon om barnehagen. Informant C informerer om at dei dessverre ikkje har all informasjon på dei ulike språka som er representerte i barnehagen og at dette er noko dei burde ta tak i.

Når det gjeld møte med minoritetsspråklege foreldre meiner Glaser at det kan vere nødvendig med tolk tilstade. Dette på grunn av at foreldra skal ha moglegheit til å få med seg og forstå den informasjonen som blir gitt. Glaser informerer i tillegg at den skriftlege informasjonen helst bør stå på deira morsmål (Glaser, 2018, s. 93). I lys av dette kan det sjå ut som at informantane er klar over at det er viktig med tolk. Ein kan stille seg kritisk til om det er fleire barnehagar som har mangel på den skriftlege informasjonen som burde stå på foreldras morsmål. Slik eg tolka det, er det kommunen som har ansvaret for slike skriftlege informasjonar og ikkje barnehagen. Dette kan gå ut over dei foreldre og familiar som ikkje får same informasjon på lik linje som alle andre.

I tilvenningsperioden har informant A ein gradvis tilvenning, der barna og foreldra er der halve dagar, slik at foreldre og barna får sjå kva dei gjer i barnehagen. Informant B lar foreldra vere med ein heil dag. Ho opplyser at då får dei sett alle måltid, leik og korleis soving føregår for dei aller minste. Ho seier vidare at dette skaper ein trygghet fordi dei får vere med inn og sjå. Ho føyer til at språket ikkje er så essensielt fordi dei får sjå kva som skjer. Foreldra kan også høyre på stemma korleis ein snakkar med barna og til kvarandre, og foreldra kan merke kva stemning det er. Ho meiner det fortel minst like mykje som ord. Alle informantar brukar tolkesamtale i tilvenningsperioden ved hjelp av telefontolk.

Det at informantane lar foreldra komme inn i barnehagen på avdelinga kan hjelpe foreldra med å sjå korleis ein norsk barnehage fungerer. Dette står også i lys av teorien til Gjervan m.fl. at det kan bety mykje for foreldre med minoritetsbakgrunn at dei får komme inn i barnehagen då dei ikkje har noko forhold til ein norsk barnehage (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 115). Bergersen opplyser at det er foreldre som kan vere overraska når dei får sjå kor mykje tid me

brukar på leik i barnehagen, då mange er kjent med førskule der det er ein meir tilnærming av skulekultur (Bergersen, 2017, s. 208).

### 4.3 Informasjon

#### *Korleis informerer de foreldra?*

Informant A informerer om at det kan vere lurt å gå gjennom månadsplanen med foreldra, spesielt dersom det er noko som skal skje. Ho fortel at det viktigaste er at informasjonen blir så konkret som mogleg. Dersom ho ser foreldra slit med å forstå brukar ho å ta fram mobilen og vise bilete. Informant B gir ut all informasjon på Mail. Då kan foreldra eventuelt ta det med på norskskulen som dei går på, elles er det berre å spørje oss også. Dei tar også av og til i bruk barna som tolk, der tilsette seier kva barnet skal seie til foreldra. Informanten legg til at det spørers kva type informasjon det handlar om. På grunn av Covid-19 hadde kommunen fiksa informasjon på forskjellige språk som barnehagen gav ut.

Når det gjeld å bruke barn som tolk meiner Becher at ein kan i nokre tilfelle oppfordre barnet til å fortelle foreldra om det som har skjedd. Det er viktig at det ikkje blir ein tolkesituasjonen der barnet må fortelje om seg sjølv med pedagogens ord (Becher, 2006, s. 65). Informant B gjorde dette dersom ho følte språket stod i vegen for kommunikasjonen, men at ho tenkte seg om på kva informasjon det var. I lys av teorien til Thomassen informerer ho at det ikkje er lov å bruke barn som tolk men med unntak av heilt korte praktiske beskjedar (Thomassen, 2018). Her må ein stille seg kritisk på kva som er etisk riktig og kva informasjon barnet kan gi til foreldra for å hindre at det skal bli ein tolkesituasjon. Her kan det hende at ein har forskjellige oppfatningar av kva korte praktiske beskjedar går ut på som kanskje kan føre til at barna kjem i ein tolkesituasjon utan at det er det som er meininga.

#### *Korleis informerer foreldra dykk i barnehagen?*

Her tok informant A eit eksempel på at foreldra ikkje alltid gir informasjon og beskjed om barnet ikkje kjem i barnehagen, og at barnet då for eksempel er sjuk. Ho legg til at ho er usikker på kvifor det er slik, men ho trur kanskje det kan fordi vere dei er redde for å ringje, for dette går på kommunikasjonen igjen. Det kan vere vanskelegare å forstå over telefon, enn det å sjå

og snakke til kvarandre ansikt til ansikt. Ho leggje til at det kan vere viktig at me lærer dei heilt konkrete ord, eller korleis dei kan sende ein melding med for eksempel namnet til barnet og at det står sjuk. Informant B og C informerer at det er viktig å skape tillit. Dersom det ikkje er tillit er det ikkje sikkert dei seier så mykje til oss, og at dei fort kan bli tause.

Slik eg tolka svara til informantane verkar det som at dei ikkje får så mykje informasjon av foreldra, men at dei grunngjev kva som er viktig for å få informasjon og det er å ha tillit. Tillit er eit svar som kjem fleire gongar og sett i lys av teorien til Gjervan m.fl. at følelsen av å vere minoritet og representerer andre verdier og har ein annan tankegang enn den ho møter i barnehagen kan vere stor. Gjervan leggjer til at det kan vere ein usikkerheit for minoritetspråklege foreldre om deira synspunkt blir tatt godt i mot både av tilsette og andre foreldre (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 106). Kanskje dette kan vere noko minoritetsforeldre kjenner på, og då spelar tillit ein viktig rolle. Foreldre og føresette må kunne føle seg trygge for at dei skal kunne opne seg meir. Derfor er det viktig at dei ikkje føler seg utanfor eller dømt ut ifrå dei verdiane og den kulturen dei har.

#### 4.4 Blir foreldra forstått?

*Trur du foreldra får formidla det dei ynskjer?*

Informant B og C trur ikkje at dei alltid gjer det. Informant B legg til at derfor er det viktig at ein har foreldresamtale, og at ein tar bruk i tolk. I tillegg til dette at ein har litt fleire og hyppige samtalar. Informant B føyer til med at foreldre er også forskjellige, så nokon har bruk for tettare oppfølging enn andre. Det er viktig å skape trygghet og skape forståing for kvarandre. Informant C opplyser om at det kanskje fort kan bli at det er me som eig kommunikasjonen. Ho legg til at ho trur det kanskje er dei som er mest ressurssterke som får formidla det dei ynskjer, og at det fort kan bli at me «gløymer» dei foreldra som berre leverer og hentar i døra.

Gjervan m.fl, og Dahl forklarar om det ulikeverdige og maktbaserte møte som går ut på at det er ein som har meir makt eller kontroll i relasjonen, dette kan føre til at den andre føler seg usikker og liten i kommunikasjonen (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 76), (Dahl, 2013, s. 77). Dette er i tråd med det informant C snakkar om, at det fort blir til at det er dei tilsette som

eig kommunikasjonen og har ein type makt over foreldra. Dette kan føre til at foreldra ikkje kjem til personalet i barnehagen fordi dei føler seg liten i kommunikasjonen med dei tilsette.

#### *Kva gjer de for å forstå?*

Informant A informere om at ein må vera lydhør, ha blikkontakt, og prøva alt ein kan for å forstå. Ho legg til at det å ha god tid er også viktig. Informant A avsluttar med å seie at dersom ein legg godviljen til og faktisk prøver å spørje, så kjem ein som oftast fram ein oppfatning der ein forstår kvarandre. Informant B er einig i mykje av det A seier, men legg til at ein må bruke heile kroppen, mimikk, peika, ein kan bruke barna og bruke konkretar – dersom ein snakkar om potte, så går me inn på badet. Alle informantane nemnde at dei bruker telefontolk.

Det informantane informerer om er i samsvar med teorien til Becher det ho forklarar at det kan vere vanskeleg å forstå kva minoritetsspråklege foreldra prøver å seie. Det er ikkje alltid at det norske språket er tilstrekkelig for dei, og har derfor vanskar med å forklare kva dei eigentleg vil fram til. Becher opplyser at det er viktig at ein bruker kropp og mimikk, og at ein kommuniserer og viser interesse og at ein høyrer og prøver å få tak i budskapet (Becher, 2006, s. 64). Når det gjeld tid meiner Glaser at ein treng å ta seg lengre tid når ein ikkje delar det same språk som med foreldre, og at hjelpemiddel kan vere til stor hjelp for forståinga (Glaser, 2017, s. 121). Ein kan stille seg kritisk til dette, då det ikkje alltid er lett å skulle ta seg god tid i ein elles travel barnehagekvardag.

#### 4.5 God kommunikasjon

##### *Kva meiner du skaper ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?*

Informant A indikerer at det å møte foreldra i garderoben og ynskje dei god morgon, og det å ta imot informasjon og gje informasjon. Prøve å oppretthalde kontakten med barnet og foreldra i hente- og bringesituasjonar. Ho føyer til at det er viktig at det ikkje berre blir informasjon på informasjon, men at me viser interesse for foreldra og deira kultur som til dømes landet deira. Ho seier at dei ofte likar å fortelje, og at dei får ein tilknytning til barnehagen, som gjer det litt personleg, og dette tenker ho er viktig. Informant B seier at openheit, ærlegheit og det at ein prøver, er viktig. Informant B og C informerer at det å bli møtt med eit smil, og eit «hei» eller

«korleis har du det?». Vise at du er interessert og prøve å setje i gang ein smaltalk. Vis at du vil bli kjent med foreldra, og ikkje vere redd for å gå i dialog med dei. Når du viser og prøver å bli kjent med dei så skaper du den grunnleggjande tilliten, og ein kjenner at ein kan stole på kvarandre. Det handlar også om å forstå og ha kunnskap om at ulike kulturar er oppbygd og har forskjellige normer og reglar som gjeldt i dei ulike kulturane. Informant B føye til at me skal ha respekt for deira kultur, og dei skal ha respekt for vår kultur.

Informantane påpekte at det var viktig å forstå og ha kunnskap om ulike kulturar. Dette kan ein sjå i teorien til Bergersen der ho fortel om tverrkulturell kompetanse og tverrkulturell forståing. Det går ut på at me forstår at menneske har ulik kulturell bakgrunn og erfaring som er med på å gi grunnlag for vår forståing av verda (Bergersen, 2017, s.151). Det ein kan stille seg kritiske til er om alle tilsette forstår kor viktig det er å ha tverrkulturell kompetanse.

I lys av teorien til Gjervan m.fl. opplyser ho at møte med andre menneske som har ulik kulturell bakgrunn enn seg sjølv, vil spele inn på relasjonen med både foreldre, tilsette og barn. Ho informerer vidare at det derfor er viktig å gjere refleksjonar over eigne verdiar og holdningar og gjere seg bevisste på desse (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 76). Det kan sjå ut som at informantane er klar over dette. Spørsmålet ein kan stille seg vidare er om alle andre tilsette i barnehagen er like flinke og bevisste på akkurat dette.

Glaser fortel at tid, ressursar og fysiske utfordringar er med på å påverke samhandlinga mellom tilsette og foreldre. Ho opplyser vidare at ein kvardagssamtale med foreldre som ikkje delar same språk i hente- og bringesituasjon tar lengre tid enn dersom ein hadde hatt same morsmål, og opplyser at ein då treng meir tid til sjølve samtalen (Glaser, 2017, s. 121). Her kan ein igjen stille det kritiske spørsmål om det er mogleg å alltid kunne ta seg god tid til ein samtale, då det ofte kan vere travle dagar i barnehagen.

*Kva skal liggje til rette for at kommunikasjonen skal vere bra?*

Informant B opplyser at det er viktig med god tid. Ho føye til at det er viktig å samarbeide med personalet. Dei kan snakke med kvarandre og spørje om hjelp, dersom dei slit eller har problem med til dømes eit foreldrepar og at ein då spør om tips og hjelp. Informant C seier at det er



viktig å prøve å leggje til rette så tidleg som mogleg. I tillegg til at ein har hjelpemiddel slik som tolk, bilete, konkretar, kroppen, peiking, iPad. Dei har nokre appar på iPaden som handlar om språk og skal hjelpe dei med å kunne forklare som dei kan vise til medan dei snakkar med foreldra.

Informant B opplyste om at det er viktig at tilsette samarbeider med personalet, dette kan vere i samsvar med teorien til Gotvassli der ein får kunnskap ved å dele og høyre på andre sine synspunkt og erfaringar. Dette kan ein gjere i felles refleksjonar ilag med andre i personalet, og ein lærer derfor av å høyre på andre sine erfaringar (Gotvassli, 2019, s. 98).

#### 4.6 Utfordringar

*Kva meiner du kan vere ein utfordring med kommunikasjonen?*

Informant A nemner at ein utfordring kan vere at foreldra ikkje har kunnskap om vêret og korleis dei skal kle barna, og at foreldra ikkje forstår kva dei meiner. Informant C nemner at dei har ei liste over kle på ulike språk i barnehagen som dei tar fram. Her er det bilete av eit barn som peiker på dei ulike kleda.

Når det gjeld å vere ute i vêret og korleis ein skal kle seg meiner Bergersen at når dialogen er god så lyttar begge og prøver å forstå andre sine syn på saken. Bergersen kjem med eit eksempel på verdien med å vere ute i all slags vêr i Noreg. Dette er ikkje alltid like lett å forstå for foreldre som har ein annan kulturell bakgrunn (Bergersen, 2017, s. 29). Bergersen indikerer at det også er fort å gløyme å fortelje kvifor det er viktig med ull innerst når det er kaldt ute, dette fordi det er lokalkunnskap, og det tar ein ofte for gitt (Bergersen, 2017, s. 164). Det verkar som at informant A og B er klar over dette, og som dei la til at dette kan vere med på å gå utover barnets trivsel i barnehagen. Spørsmålet her er om foreldra forstår dette, då dei tilsette informerer om at dette er ein utfordring dei er vant til eller at informasjonen dei gir kanskje ikkje er god nok.

Informant A opplyser at det klart kan vere ein utfordring dersom foreldra ikkje kan snakke

norsk eller engelsk. Ein annan utfordring som informant B nemner er at ein ikkje får sagt ting her og no, altså at ein ikkje blir forstått eller forstår. Alle informantane har opplevd at foreldra seier «ja, eg forstår», men så har dei eigentleg ikkje forstått. Informant B legg til at nokre av foreldra er meir eller mindre analfabatar, så då er ikkje skriftlege beskjedar så lette å forstå heller. Informant C har opplevd at foreldra trur dei kan meir norsk enn det dei eigentleg kan, og merkar då fort at det blir misforståingar, og at dei tilsette har lyst på tolk, men det ynskjer ikkje foreldra. Informantane har opplevd at foreldra har tatt med nokon dei kjenner som kan betre norsk enn dei, og får dei til å oversette for dei. Tilsette har også kome med forslag til foreldra at dei kan ta med seg nokon som kan oversette for dei om dei ynskjer dette.

Det informantane opplyser om kan ein kjenne igjen i teorien til Becher der ho informerer at foreldre kan vere svake i å prate norsk, men at dei forstår meir enn dei kan uttrykkje sjølv. Det er også slik at foreldra trur dei har forstått, men at det viser seg at dei ikkje har forstått (Becher, 2006, s. 64). I lys av teorien til Thomassen argumenter ho at det er vanleg at nokon vel å takke nei, og at foreldra kan ha grunnar til at dei ikkje ynskjer tolk, og dette skal ein respektere (Thomassen, 2018).

Informant B har også opplevd dette med makt og hieraki. Altså at foreldre ikkje tar i mot informasjon frå for eksempel assistentar, men at dei tar imot informasjonen frå ho som er pedagogisk leiar. Her prøver ho å forklare at all informasjon er viktig, men er ikkje alltid at alle forstår dette. Ho seier at dette handlar om kultur og respekt igjen. At desse foreldra har ein kultur der ein har eit anna forhold til dette med stilling og makt.

Her kan ein i teorien til Salole der ho opplyser om at i nokre kulturar så er maktavstand høgare på skalaen (Salole, 2018, s. 70). Her i Noreg så stiller alle ganske likt på skalaen. Så her handlar det om kulturen deira då dei ser på ho som er pedagogisk leiar høgare opp i systemet enn det ein assistent er.

*Har du opplevd at personalets haldningar kan vere ein utfordring for god kommunikasjon?*

Informant C informerer at dei starta opp eit prosjekt fordi dei hadde opplevd at personalet av og til hadde nokre haldningar på lur. Altså fordommar som satte dei i bås. Ho seier også i frå

dersom ho ser noko som ikkje er greitt, anten mot personen på tomannshand eller nemne det i eit personalmøte om haldningar og liknande. Informant A og B seier først nei, men snur litt om. Dei har opplevd stigmatisering, og ved at tilsette kan sei «dei og dei». Informant A informerer om at det er viktig at me ikkje behandlar dei annleis, dei må føle at dei høyrer til i barnehagen. Dei arbeidar i personalgruppa med at alle foreldre er individ uavhengig av kor ein kjem frå. Informant A har hatt hendingar der assistentar ikkje har så lyst å ta telefonen fordi dei ser kven som ringer og seier at dei ikkje forstår kva som blir sagt. Informant B seier at dersom ein opplever det så må ein hugse å vere profesjonelle. Personalet er som regel bevisst på sin måte å omgås alle på. Dei tar det opp med jamne mellomrom slik at sånne ting ikkje skal skje, og at dei skal vere bevisste.

Sett i lys av teorien til Gjervan m.fl. er at når ein snakkar om dei andre, er dette som regel ein gruppe menneske som har ulik kulturell eller religiøs bakgrunn. Dei forklarar vidare at når ein brukar ord som «me og dei» er dette med på å stigmatisere og halde dei utanfor fellesskapet (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 75). Som informant A opplyser om at dei arbeider med å bevisstgjere at alle foreldre er eit individ uansett kor ein er frå, men at dei fortsatt kan ha hendingar der ein stigmatiserer ved å seie «dei». Gjervan m.fl. opplyser at personalet har ansvar for å hindre slike merkelappar mellom majoritet og minoritet (Gjervan, Andersen & Bleka, 2013, s. 76). Informant A sa at det er viktig me behandlar dei slik me ville behandla dei som er «vanlege». Informant C er klar over at dei kan ha holdningar, men at dei jobbar med å forhindre dette og bevisstgjere det. Sett i lys av teorien til Bergersen om å vere etnosentrisk og kulturell relativ kan ein oppfatte det som at informant C arbeidar mot å bli endå meir kulturell relativ, fordi dei prøver å bli meir bevisst og øve på å ha ein endå meir open innstilling i møte med andre (Bergersen, 2017, s. 26). Det at dei er klar over at dei kan ha holdningar gjer slik at dei kan gjere noko med det. For dersom ein ikkje ser at ein har holdningar, er det vanskeleg å ta tak og gjere noko med det.

## 5.0 Avslutning

Å sette fokus på korleis ein kan skape god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre blir berre meir relevant i dagens samfunn. Barnehagane i Noreg blir meir mangfaldig og ein møter barn og foreldre med ulik bakgrunn frå alle delar av verda.

Bakgrunn for oppgåva mi var at eg sjølv ville bli tryggare i møte med foreldre, då eg har opplevd at det kan vere vanskelig. Eg ville også få betre kunnskap om korleis dei samarbeider og kommuniserer med minoritetsforeldre då det ikkje er lenge til eg også skal ut i felten.

Eg valde å gjere ein kvalitativ undersøking, der eg intervjuar tre barnehagelærarar frå tre forskjellige barnehagar. Eg ynskja å få eit innblikk i korleis dei arbeidar med samarbeid og kommunikasjon med minoritetsforeldre. Kva er det som skapar god kommunikasjon, kva utfordringar er det som kan oppstå? Kva skal liggje til rette for å få til ein god kommunikasjon?

Eg vil seie at alle informantane hadde ein ganske lik tilnærming når det gjaldt korleis dei kommuniserer med minoritetsspråklege foreldre. Alle hadde i tillegg nesten like lang erfaring, der to hadde tatt vidareutdanning litt seinare. Alle informantane meinte at å ha ein god kommunikasjon med foreldre er viktig for at barna også skal trivast i barnehagen. For dersom foreldra ikkje har tillit og trygghet til barnehagen kan dette spele inn på om barna har det godt eller ikkje i barnehagen. Alle var einige at det kunne vere utfordringar, men at dei klarte det som regel ved hjelp av hjelpemiddel som bilete, tolk, konkretar, peiking og ved hjelp av å bruke kroppen. Eg fekk også høyre at det er viktig å ha god tid. Dette kan vere lettare sagt enn gjort då det ikkje er så enkelt å få til i praksis, fordi dette kan vere vanskeleg å få til i ein travel barnehagekvardag.

For å prøve å svare på problemstillinga mi gjentar eg den: *Kva skapar ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?*

Det er viktig at alle har kulturforståing. Det å vere bevisst på sin eigen og andre sin kultur vil vere med på å opne ein forståing for at ein har ulike verdiar og normer som ein lever etter. Elles

kan ein fort setje andre i merkelappar og dette kan igjen føre til at foreldra føler seg utanfor fellesskapet. Eg vil også seie at det å bruke hjelpemiddel kan hjelpe oss langt på veg med å gjere oss forstått, og at foreldra forstår og omvendt.

Det eg oppfatta som viktigast var det å skape tillit. Informantane indikerte at tillit hadde mykje å seie for om kommunikasjonen skulle vere god eller ikkje. Dersom ein ikkje har tillit til kvarandre, vil dette føre til at kommunikasjonen ikkje blir god. Informantane mine sa seg einig at dersom ein er open, ærleg og viser interesse kan ein kome langt til å opparbeide seg tillit og dermed skape god kommunikasjonen mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre.

## Referanseliste

Barnehageloven. (LOV-2005-06-17-64). (2005). Lasta ned frå: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>

Becher, A., A. (2006). *Flerstemmig mangfold: Samarbeid med minoritetsforeldre*. Bergen: Fagbokforlaget A/S Vigmostad & Bjørke AS.

Bergersen, A. (2017). *Global forståelse. Barnehagelæreren som kulturell brobygger*. Bergen: Fagbokforlaget

Bø, I. (2002). *Foreldre og fagfolk*. (2.utg). Oslo: Universitetsforlaget AS.

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgave-skriving for studenter (4.utg)*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Gjervan, M. (2006). Temahefte om språklig og kulturelt mangfold. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Gjervan, M., Andersen, C. E., & Bleka, M. (2013). *Se mangfold! Perspektiver på flerkulturelt arbeid i barnehagen*. Latvia: CAPPELEN DAMM AS

Gotvassli, K., A. (2019). *Boka om ledelse i barnehagen*. (2.utg). Oslo: Universitetsforlaget AS

Kunnskapsdepartementet. (2011). Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og

oppgaver. Lasta ned frå:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/reg/2006/0001/ddd/pdfv/282023-rammeplanen.pdf> 15.04.2020

Utdanningsdirektoratet. (2016). Tall og forskning. Lasta ned frå: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/barn-og-ansatte-bhg/minoritetsspraklige-barn/>

Utdanningsdirektoratet. (2017). Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og

oppgaver. Lasta ned frå:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf> 12.04.2020.

Utdanningsdirektoratet. (2020). Fakta om barnehager. Lasta ned frå: [https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/barnehager\\_2019/?fbclid=IwAR1wDcd8HgSbj3iSC-xbY12-oSejfuKsyPklbV0y6szJ2JFt1zDYunR6omg](https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/barnehager_2019/?fbclid=IwAR1wDcd8HgSbj3iSC-xbY12-oSejfuKsyPklbV0y6szJ2JFt1zDYunR6omg) 26.04.2020

Salole, L. (2018). *Identitet og tilhørighet. Om ressurser og dilemmaer i en krysskulturell*

*oppvekst.*(2.utg.) Oslo: Gyldendal akademisk

Sand, S. (2008). *Ulikhet og fellesskap: flerkulturell pedagogikk i barnehagen.* Vallset:

Oplandske bokforlag

Strugwig, F. & Stead, G. (2017). *Research: Planning, Designing and Reporting.* Pearson

South Africa (Pty) Ltd.

Thagaard, T. (2009). Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode. (3.utg).

Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Thomassen K. A. (2018, 06. august). Minoritetsspråklig foreldresamarbeid – hvor viktig er

det egentlig? *Barnehage.no* Lastet ned frå:

<https://www.barnehage.no/artikler/minoritetspraklig-foreldresamarbeid-hvor-viktig-er-det-egentlig/443038>



## Vedlegg 1



# DronningMaudsMinne

HØGSKOLE FOR BARNEHAGELÆRERUTDANNING

## Vil du delta i bachelorprosjektet

### *«Kva skapar ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?»*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit bachelorprosjekt kor formålet er å få kunnskap om korleis ein barnehage samarbeider med minoritetsspråklege foreldre. I dette skrivet gir eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebere for deg.

#### **Formål**

Formålet med prosjektet er å få kunnskap om korleis ein barnehage samarbeider med minoritetsspråklege foreldre.

Problemstilling: Kva skapar ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?

#### **Kven er ansvarlig for forskingsprosjektet?**

Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning er ansvarlig for prosjektet.

#### **Kva inneberer det for deg å delta?**

Eg skal ha eit intervju om kva som skapar ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre med ein barnehagelærer. Dette skal gjerast gjennom Skype eller

liknande. Eg har fått ein til å skrive notater undervegs gjennom intervjuet.

- Dersom du vel å delta i prosjektet inneber det at du vert intervjuet. Dette vil ta deg ca. 45-60 minuttar. Opplysningane blir registrert elektronisk på Word-dokument.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- Innsyn i kva slags personopplysningar som er registrert om deg
- Få rettet personopplysningar om deg
- Få slettet personopplysningar om deg
- Få utlevert en kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- Å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å oppgi noen grunn. Alle opplysningar om deg vil da bli anonymisert.

Det vil ikkje ha noen negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar**

Eg vil bare bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Alt av notater vil vere anonymt. Informanten vil få fiktive namn.

### **Kva skjer med opplysningane dine når eg avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttast 22.05.2020. Alle personopplysningar vil bli slettet innan prosjektslutt.

På oppdrag frå Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### Kor kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønsker å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning ved.
- Vårt personvernombud: Hans Christian Ristad, Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning.

Med venleg helsing

Prosjektansvarlig

Student

Marianne Schram og Gjertrud Stordalen

Elisabeth Kronstad Sørheim

---

## Samtykkeerklæring

*Samtykke kan innhentes skriftlig (herunder elektronisk) eller muntlig. NB! Studenten må kunne dokumentere for veileder at du har gitt informasjon og innhentet samtykke fra de du registrerer opplysninger om. Vi anbefaler skriftlig informasjon og skriftlig samtykke som en hovedregel.*

*Hvis foreldre/verge samtykker på vegne av barn eller andre uten samtykkekompetanse, må du innhente tillatelse fra foreldene.*

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Kva skapar god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju.

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. 22.05.2020

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

## Vedlegg 2

### Intervjuguide

*Problemstilling: «Kva skaper ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?»*

#### **Erfaring:**

- Kan du fortelje meg om utdanningsbakgrunnen din?
- Kan du fortelje meg om kva erfaring du har om samarbeid med minoritetsspråklege foreldre? (Flyktningar, arbeidsinnvandrarar)
- Kva er din erfaring med norskkunnskapane til foreldra?
- Kor mange på avdelinga har de?

#### **Oppstart:**

- Kva forberedelsar er det de gjer når de tar imot ein ny familie?
  - Besøkjer de barnet sin heim, eller kjem familien på besøk i bhg? (Korleis går dette for seg)
- Kva er de opptatt med i startfasen når foreldre er nye i barnehagen? (Altså i tilvenningsperioden). Korleis blir foreldra inkludert i denne? Fast kontaktperson?
  - Tolk
  - Info
- Korleis informerer de foreldra?
  - Via melding, Mail, telefon?
  - Får dei skriftleg info f.eks. på eige språk?
- Kva informerer de dei om?
- Korleis informerer foreldra dykk i barnehagen?

- Trur du foreldra får formidla det dei ønsker?
- og kva gjer de for å forstå?
  
- Kva opplevingar har du som barnehagelærer med foreldre som har minoritetsspråklege bakgrunn?
  
- Kvifor er god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre viktig tenker du?
  - For personalet?
  - For foreldra?
  - For barna?

**Kommunikasjon i det daglige: (Gje eksemplar, kan du fortelle litt meir)**

- Kva meiner du skaper ein god kommunikasjon mellom tilsette og minoritetsspråklege foreldre?
  
- Kva skal ligge til rette for at kommunikasjonen skal vere bra?
  
- Kva gjer de for at kommunikasjonen skal bli god?
  - Bruk av tolk?
  - Bilete?
  - Konkretar?
  - Lære seg nokon ord på foreldra sitt språk? Fortel, korleis blir dette gjort?
  
- Bruker de nokon form for hjelpemiddel? Viss ja
  - Kva type hjelpemiddel bruker de for å lette på kommunikasjonen?

**Utfordringar: (Gje eksemplar, kan du fortelje litt meir)**

- Kva meiner du kan vere ein utfordring med kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre? Fortel, gje eksempel.
  
- Kva gjer de dersom de møter på utfordringar i kommunikasjonen? Er dette noko du har opplevd? Kan du gje nokre eksempel?

- Misforståingar osv.
- Forstå – forstått

- Har de hatt tidlegare utfordringar? Kan du fortelje litt om dette?

- Har de opplevd at personalets holdningar kan vere ein utfordring/stoppar for god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre? Kan du gje eksempel på dette.

- Dersom dette kan vere ein utfordring → har du nokon tankar om kvifor det kan vere slike haldningar.
- (Er dette noko du torer å ta opp med personalet, om det er noko de jobbar med).

- Korleis opprettheld du ein god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre i ein elles travel barnehagekvardag?

### **Foreldre som ressurs:**

- Opplev du minoritetsforeldre som ein ressurs for barnehagen? På kva måte, fortel, kan du gi eksempel på dette? - språk barriere, kulturforskjellar, (lære om andre sine kulturar).

- Korleis tenkjer du foreldra kan bidra her? F.eks. i forhold til synleggjering av morsmål i barnehagen, korleis kunne du brukt foreldra som ressurs då? (For eksempel: lære ein song, eit vers)

- Kva tenkjer du om dette? Er det like lett å følge i praksis? Eventuelt korleis ville du ha jobba med dette?

-Tatt inn foreldre som ressurs.

- Om du opplever dei som deltakande, feks er dei på foreldremøte
- Om dei kjem med innspel?

### **Avslutning:**

- Har du noko du vil føye til?